



## SÆRUTSKRIFT

KØPI

### SAKSFRAMLEGG UTVALSAK

Saksnr.	Utval	Møtedato
018/11	Formannskapet	23.06.2011

Arkivsak	Journalpost	Arkiv	Saksbehandlar
11/369	11/2227	232	Eli Marit Fuglesteg

### Høyring vedrørande maksimumsverdi for eigedomsskatt på kraftverk

**Vedlegg:**  
Ingen.

**Skriv i saka (ikkje vedlagt):**

- Finansdepartementet sitt høyringsnotat av 15.04.2011.
- Høyringsuttalen frå Landssamanslutninga for vasskraftkommunar av 07.06.2011.

**Bakgrunn for saka:**

Vestre Slidre kommune har innført eigedomsskatt på verk og bruk i kommunen. Inn under definisjonen på verk og bruk hører kraftproduksjonsanlegg heimehøyrande i kommunen. Alle kraftprodusentar som nyttar vatn som har runne gjennom Vestre Slidre i sin kraftproduksjon er såleis pliktige til å svare eigedomsskatt til kommunen. Eigedomsskatten blir rekna ut etter likningsverdien desse kraftproduksjonsanlegga har jfr eigedomsskattelova kap 8. Takseringa blir då gjort etter reglane i skattelova. Dette er dei einaste verksemndene eigedomsskattelova kap 8 har kome i kraft for. Alle andre eigedomsskattetakstobjekt blir førebels takserte etter reglar i den gamle byskattelova, dvs takseringa blir gjort av ei eiga skattetakstnemnd. Taksten skal då vera til omsetnadsverdi.

Då det vart vedteke at eigedomsskattetaksten for kraftproduksjonsanlegg skulle vera likningsverdien for anlegget, vart det for å sikre eigedomsskattetinntektene til kommunane lagt inn minimumsgrenser for eigedomsskattegrunnlaga. Seinare vart det også innført maksimumsgrenser for at ikkje skattlegginga skulle føre til lægre kraftproduksjon. Det er innfløkte reglar som ligg til grunn her, og kommunen mottek årleg lister frå Skattedirektoratet over takstar som skal bli lagde til grunn for eigedomsskatten i Vestre Slidre. No har Finansdepartementet kome med framlegg til endringar i minimums- og maksimumsverdiar for eigedomsskattetakst for kraftverk med ein høyringsfrist 15.07.2011.

### **Saksutgreiing:**

Det er i Finansdepartementet sitt høyringsnotat av 15. april 2011 varsla endringar i minimums- og maksimumsreglane i eigedomsskatt på kraftverk jfr eigedomsskattelova (eskl) §8, 4. leden. Målsetjinga med denne regelendringa er å finne på side 8 i høyringsnotatet:

*"På dette grunnlaget foreslår Finansdepartementet at maksimums- og minimumsreglene justeres i årene framover. (...) Løsningen innebærer at verkskommunene i årene framover vil få en større del av en ev. inntektsøkning i kraftsektoren sammenliknet med dagens system."*

Høyringsnotatet kjem med framlegg om å behalde minimums- og maksimumsreglane for eigedomsskattegrunnlag for kraftproduksjonsanlegg med nokre korrekjonar. Endringane vil medføre at kommunane ikkje får del i den verdiauknen som har kome kraftnæringa til del dei siste åra. Det blir i staden berre snakk om inflasjonsjusteringar med utgangspunkt i stoda i 2011.

### **Vurdering:**

I Vestre Slidre hadde 9 av 15 kraftverk nådd maksimumsverdien for eigedomsskattegrunnlag for 2010. Dette førte til at kommunen tapte kr 280.000 i eigedomsskatteinntekter samanlikna med dersom maksimumsregelen hadde vore fjerna. Dette beløpet vil berre auke i åra som kjem dersom maksimumsregelen blir fasthalden.

Maksimumsreglane vart innførte for at skattlegginga av kraftproduksjonsanlegg ikkje skulle bli på eit slikt nivå at det vart fare for at kraftprodusentane ikkje ville produsere kraft av di kostnadene vart for høge. Dagens stode er langt frå den røynda og blir det nok heller ikkje i den framtida me kan sjå framfor oss. Det er i dag store pengar å tene på kraftproduksjon, og det er ikkje meir enn rett og rimeleg at kommunane får sin del av dette gjennom eigedomsskatten. Det vil også vera feil å favorisere kraftprodusentane framfor andre eigedomsskattepliktige som må betale sin eigedomsskatt ut frå verkeleg verdi på eigedomen sin. Ut frå ei slik vurdering kjem kommunen til at det vil vera rett å fjerne minimums- og maksimumsreglane for eigedomsskatteverdi for kraftprodusentar.

### **Framlegg til vedtak:**

Vestre Slidre formannskap går mot framlegget om å endre minimums- og maksimumsverdiane for eigedomsskatt på kraftanlegg. I staden bør desse reglane bli avvikla.

### **23.06.2011 Formannskapet**

#### **FS-018/11 Vedtak:**

Som forslaget. Samrøystes.

Melding sendt:

- Arkiv
- Finansdepartementet
- LVK

*Rett utskrift*  
**VESTRE SLIDRE  
KOMMUNEKASSE  
2966 SLIDRE**  
*Slidre 24/6 - 2011*  
*Eli Marit Fuglesteg*